



**Kviteseid kommune**  
**Ordfører**

JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET  
Postboks 8005 Dep.  
0030 OSLO

Att.Emilie Mehl

Dykkar ref:  
22/535-TRRI

Vår ref:  
2022/1369-3

Saksh:  
Bjørn Nordskog,

Arkivkode:  
X31

Dato:  
17.06.2022

## Svar på høyring frå Kviteseid kommune - Betre polititjenester og beredskap

### 1 *Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?*

Når det gjeld forebygging i Kviteseid kommune ser vi for oss at utfordringane i fyrste rekkje vil liggje innanfor desse områda:

Nettbedrageri: Vi ser stadig fleire døme på at folk vert lurt av meir og meir sofistikerte måtar å få tilgang på ømfintlege opplysningar som gjer at til dømes kontoar kan tappast, at ein betaler falske fakturaer, eller lurast til å betale pengar for ei vare eller teneste ein aldri får.

Nettvett: Vi ser mange døme på uvettig bruk av sosiale medier både i kommentarfelt og på medier, til dømes på Snapchat.

Uvettig bruk av bil, motorsykel, snøscooter, båt etc.: Vest-Telemark som område har etter vår meining ein utfordring med føring av motoriserte køyrety i berusa/rusa tilstand. Vi har hatt mange alvorlege ulukker og dødsulukker i høve til folketalet dei siste åra. Dette er ein trend og ein ukultur det er naudsynt å snu.

Mental uhelse og rus: Vi ser ein aukande mengde oppdrag der mental uhelse er årsak eller medverkande årsak. Det kan vere mange grunner til desse utfordringane, og vi meiner at eit utvida og systematisk samarbeid mellom helse, barnevern, kommune, skule og politi er og vert naudsynt.

Synleg politi: Vi meiner det er mykje god forebygging i synleg politi i seg sjølv. Vi kjenner på at lovnad om at politiet ville vere meir «på vegen», og på den måten meir synleg når dei ikkje hadde så mange lokasjoner å halde opne, ikkje har slått til. Vi meiner difor at det er trong for fleire synlege politfolk, spesielt i kommunar der politistasjonane er nedbemanna eller lagt ned.

Eit avgjerande element for førebyggjing i framtida heng saman med politiet og kommunen sin moglegheit til å kunne medverke med omsyn til ressurser med pengar, utstyr og arbeidstid.

**Når det gjeld beredskap** reknar vi med at det er beredskap frå politiet som er tema. Vi meiner utfordringen handlar om tallmessig politiinnsats og køyrety. Vi vil vere heilt klare på at politiet sin beredskap, særleg i tida utanfor måndag- fredag 0800-1500 er og vert vidare ein sårbar utfordring. Eit mykje for lite antal politifolk har då ansvar for politiet sin beredskap innanfor eit stort geografisk område. Dette har med responstid å gjere, og risiko for ei responstid på meir enn 60 minuttar heilt avhengig av kvar politiet er i høve til der hendinga finn stad. Ei auke på 1 patrulje ekstra vil medverke til 50 % kortare responstid.

Over tid er vi og uroa for politiet sin lokalkunnskap, som er viktig i beredskapen. Vi meiner det er viktig at det bur politifolk i alle kommunane i området. Sjansen for at politifolk vil busette seg på ein eller i en kommune der det er lang køyreveg til oppmøteplassen vil verte mindre og mindre.

**Mange sivile tenester** kan i utgangspunktet utførast på nett, men vi meiner at særlege funksjonar der folk må møte opp personleg er og vert skadelidande, ikkje minst for dei blant oss med små ressurser.

- 2 ***Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestestruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke hva er årsakene?*** Kviteseid kommune er ikkje nøgd med utviklinga, det er viktig med tenestar nær folk. Dette krevjer at politistasjonen er open og bemanna. Politiets arbeid i Vest-Telemark er over lange avstandar og mykje tid i bil. Ved ei oppbemmaning av tjenestetadane sikrar ein beredskapen både på vegaksane , men og lokalt ved meir synleg politi. Aktive tenestetadar viser tydelig den rolla politiet har.

- 3 ***Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggerne trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket utvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at det kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?***

Vi ser at SLT-modellen kan vere ein god løysing ikkje berre for ungdom og unge vaksne, men og for resten av innbyggjarane.

Vi meiner det er klokt å vidareutvikle det samarbeidet som allereie er starta med Nullvisjonsrapporten som Vest-Telemarkrådet har initiert etter utfordring frå politiet. Vi ser og eit utviklingspotensiale i å få til eit samarbeid med friviljuge organisasjonar, lag og foreiningar. I dette arbeidet har kommunen prioritert og lagt til rette for og starta friviljug sentral som eit viktig supplement til glede for innbyggjarane og deira ve og vel.

- 4 ***Kva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester? – Via et tjenestested i politiet? – Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestested? – Via fysisk oppmøte? – Via telefon? – Via internett?***

På den sivile siden: det må verte enklare og raskare å få skrive ut pass.

Det er og ynskjeleg at søknad om alle typer våpenkort, våpenpass og våpendeler vert tilgjengelege på nett.

Utlendingsforvaltninga må verte meir tilgjengeleg. Det er ikkje godt nok å berre kunne ringe nokre få timar i veka eller å måtte bestille time på nett med lang ventetid.

Operativt: Enkelt og greitt eit meir synleg og lettare kontaktbart politi.

**5 Ønsker kommunen et nytt tjenestested i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale tjenester?**

Vi har ein tenestestad som diverre har ein del tomme kontor. Det syner at vi har plass til fleire polititjenestefolk om dei skulle dukke opp.

Med helsing

Bjørn Nordskog  
ordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.*

Kopi til:  
Erling Laland